

Sameige Langheiane,  
Lonsvegen 7-9  
5914 Isdalstø

28. september 2015

Lindås kommune  
Teknisk etat, avdeling for kommunale vegar  
Kvernhusvegen 20  
5914 Isdalstø

#### SØKNAD OM TRAFIKKSIKRINGSTILTAK I LONSVEGEN

Lonsvegen 7 og 9 har til saman 44 husvære samla på eit felles tun. Bygga blei innflytta i perioden desember 2013 – mai 2014. Sidan den tid har vi merka auke i trafikken forbi tunet.

Trafikken langs Lonsvegen skal til to barnehagar, eit mykje brukt friområde/idrettsanlegg, eit bustadområde med om lag 60 husvære. I tillegg køyrer ein del trafikk Lonsvegen for å unngå trafikken v/Knarvik senter. I desse dagar er det starta utbygging av om lag 60 nye bustader planlagt innflyttingsklare i 201. Vi ser for oss at trafikken vil auka i åra som kjem.

Bebuarane i Lonsvegen 7-9, må kryssa Lonsvegen for å koma til gangvegen. Snittalderen på bebruarane i husa her er om lag 70 år. Farten bebruarane går i, er ikkje tilpassa tempoet biltrafikken held, så det kan bli ei utfordring å kryssa vegen. Førebels er det berre få brukarar av gåstolar/ rullestolar hjå oss, men det kan fort endra seg.

Vi ønskjer difor

- Opphøgd overgang ved tunet vårt
- Nedsett fartsgrense i heile Lonsvegen

Vi ber om at søknaden vert behandla så snart råd er, og ser fram til positiv tilbakemelding.

Med helsing

Irene-Karin Femanger  
styreleiar